



Hjelmeland kommune
Vågavegen 116
4130 Hjelmeland
Att. Torborg Kleppa

Kontakt saksbehandlar
Einar Heegaard, 51568872

Uttale til felling av eiketre på gnr./bnr. 74/5 Fister, Hjelmeland kommune

Me viser til høyring av søknad om felling av åtte eiketre på gnr./bnr. 74/5, Hjelmeland kommune, i brev datert 12.03.2019. Hjelmeland kommune ber Fylkesmannen vurdere om det kan gis løyve til å fella trea etter søknad. Grunnen for ønske om felling er at trea vil skygge for nye bustadar planlagt på eigedom gnr./bnr. 74/7, og at eit av trea skal utgjere ein fare for eksisterande hus på same eigedom. Søkar, gnr./bnr. 74/7, har motteke løyve frå grunneigar på 74/5 til å felle eiketrea i søknaden.

Fylkesmannen vil etter synfaring sterkt rå frå felling av desse åtte eiketrea, i og med at einskilde av desse klassifiserast som utvalt naturtype «hol eik», og at dei er verdsett anten som svært viktig (A) eller viktig (B). «Hol eik» er ein truga og utvalt naturtype (UN) som krev særskilt aktsemd, jf. Forskrift om utvald natur etter naturmangfaldlova. Fylkesmannen ønsker å tilrå ein styring av trea gjennomført av ein arborist, slik at trea og dei biologiske verdiane kan bestå og samstundes ikkje vere ein fare for eksisterande bustad.

Med bakgrunn i førespurnad frå Hjelmeland kommune blei trea synfart 10.04.2019. Til stades under synfaringa var Fylkesmannen v/ Einar Heegaard og John Inge Johnsen. Desse eiketrea på eigedom 74/5 blei undersøkt tidlegare ved Skagerak Trepleie v/Sivert Svane (vår ref. 2017/630).

Vurdering

I forskrift om utvalt naturtype § 3 punkt 3, står det at «hole eik» er tre som er synleg hol og har omkrins meir enn 95 cm, samt alle eiketre med ein omkrins meir enn 200 cm. Dei trea som står i produktiv skog er unntake frå reglane om utvalde naturtypar. Årsaka til at slike store gamle tre får ei særskilt vurdering er at dei er livsmiljø for eit stort biologisk mangfald. Fleire artsgrupper dreg nytte av slike tre, og for einskilde artar er hole eik naudsynt livsmedium.

Lovverket stadfestar at særskilt omsyn skal takast i vurdering av tiltak som råkar utvalde naturtypar, og at ein konsekvensanalyse skal føreligge før ein treff vedtak. Tiltaket skal vurderast etter §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova, jf. «Veileder til forskrift om utvalgte naturtypar».

Blant dei åtte eiketrea som er omfatta av søknaden høyrer fire til dei utvalde naturtypane. Av dei fire UN eiketrea var to vurdert til verdi A (svært viktig) grunna storleik, holrom og funn av raudlista art, og to eik fekk verdi B (viktig) grunna storleik, tilstand og biologisk mangfald. Dei resterande trea vert vurdert til verdi C (lokalt viktig) som naturtypen «hol eik», men dei er ikkje omfatta av forskrifter på grunn av avgrensa storleik og manglende synleg holrom.



Dei fire UN-trea står alle mot grensa mellom eigedomane gnr./bnr. 74/5 og 74/7. Etter ei tidlegare kartlegging av Skagerak Trepleie blei det føreslått følgjande tiltak for den største eika på gnr./bnr. 74/5; stabilisering av krona då tyngda heng over hustak. Dette punktet vart framheva av søker på gnr./bnr. 74/7, som vurderar det som utrygt å bu i bustaden. På synfaring frå Fylkesmannen 10.04.2019, kan me ikkje sjå at det nemnde treet har ein krone som heng over bustaden på 74/7, jf. vedlagt notat frå synfaringa.

Etter handsamingsreglane for utvalde naturtypar skal forvaltingsmynde vurdere §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Ti saman har synfaringane gjort av Skagerak Trepleier og Fylkesmannen registrert både eiketrea sine eigenskapar og det biologiske mangfald knytt til dei einskilde trea. Vidare er det gjort ein undersøking av «hol eik» i Hjelmeland, mellom anna i Fister, slik at det er kunnspak om fordeling av denne naturtypen i regionen. Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg ivaretake, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Med omsyn til vår vurdering av kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg, så vil ikkje føre-var-prinsippet i § 9 naturmangfaldlova vera relevant.

Trea står i kulturlandskapet på Fister, og må vurderast som ein viktig del av landskapsbilete. I denne samanheng er det einskilde større eik i område, mellom anna ein svært stor eik med store biologiske kvalitetar på tilstøytande eigedom. Dette svært store treet vil med tida trenge tre som kan erstatte dette. I søknaden er det fleire tre som blir vurdert til utvalt naturtype og desse vil vera viktige for biologisk mangfald på lengre sikt. Om trea vert hogd vil området miste fleire hole eik med høg verdi, og fysisk avstand mellom gode tre vil auke. Dette fører til at biologisk liv knytt til slike tre får større utfordring med å oppretthalde ein regional bestand. Ein vurdering av samla belastning, jf. § 10 i naturmangfaldlova, er at økosystemet «hol eik» i Fister vil bli negativt påverka av felling av eiketrea i søknaden.

I følgje miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (jamfør § 12 i naturmangfaldlova), vil Fylkesmannen tilrå at trea vert moderat styva slik at det ikkje vert fare for nåverande bustad. Dette gjeld spesielt det største treet som står inn mot grensa ovanfor huset på eigedom 74/7. For å avgrense styvinga til det absolutt naudsynte, og få det gjort på rett måte, må det nyttast spesielt kompetent personell, helst ein aborist.

Jamfør § 11 i naturmangfaldlova er det tiltakssøkar som skal dekke kostnadane for å avgrense skadane på naturmangfald. Her ønsker me å gjere kommunen og tiltakssøkar merksam på at Miljødirektoratet har tilskotsordningar som kan søkjast for tiltak på truga naturtypar, til dømes skjøtsel av hol eik.

Konklusjon

Etter Fylkesmannen sin vurdering vil det vera ein regional forverring av naturtypen «hol eik» i området, noko som vil kunne påverke det biologiske mangfaldet som er knytt til «hol eik» som leveområde. Eikene har holrom og «raudmold», og ein sårbar art (VU, *Pachyphiale carneola*) vart funnen.

Me kan ikkje sjå at krona til trea heng over huset slik det står nemnd i søknaden, men me ser at trea vil gje skugge for delar av det nye bustadfeltet på gnr./bnr. 74/7. I dette høve vil me tilrå at krona på trea vart styva slik at dei utgjer ein mindre fare for huset slik det står i dag. Me kan ikkje sjå at dei



nye planlagde bustadane på eigedomen, gnr./bnr. 74/7, i seg sjølv er tilstrekkeleg argument for å felle trea.

Fylkesmannen tilrår at dei trea som kan klassifiserast som utvalt naturtype blir styva av spesielt kompetente folk (arborist), slik at trea vert ståande, samstundes at det blir trygg ferdsel rundt desse, jf. tilrådinga frå Skagerak Trepleie. Me ber kommunen gjere søkar merksam på at Miljødirektoratet har tilskotsordningar for å ta vare på truga naturtypar, til dømes «hol eik», jf. tilskot til tiltak for truga naturtypar.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Samanfatting etter synfaring på gnr./bnr. 74/5 Fister, Hjelmeland kommune